



ÅRSMELDING 2019

FOR IDRETTSLAGET TRIO





Årsmøte 2019, torsdag 5. mars 2020 kl 18:00 på Trio-huset

SAKSLISTE:

1. Godkjenning av stemmerett
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Valg av ordstyrer og sekretær
4. Valg av to personer til å underskrive protokollen
5. Årsmeldinger
6. Regnskap
7. Innkomne forslag
8. Medlemskontingent
9. Valg
10. Utdelinger

ÅRSMELDING HOVEDSTYRET - 2019

Hovudstyret

Knut Prestnes, leiar
Hanne Larsen, nestleiar
Egil Jacobsen, kasserer
Knut Årthun, sekretær
Anne Kari Enes, styremedlem

5 styremøter er avholdt i 2019. Gruppelederne har deltatt på 3 av styremøtene.

Av saker som har vært behandlet i Hovedstyret i løpet av 2019 kan nevnes:

- **Ferdigstilt arbeidet med utvikling av ny Hjemmeside.**
- **Inngått Avtale med Kv. Kommune vedr. Garasje- og Lagerbygg.**
- **Gjennomgått forsikringspakken for IL Trio**
- **Oppdatert retningslinjene for inntektsfordeling og støtte fra Hovedlag til Gruppene,**
- **Nytt Kunstgrasdekke**
Diskusjon har pågått vedr. valg av type dekke. Mangler fremdeles anbefaling fra Fotballforbundet vedr. anbefalt dekke.
- **Ny Flerbrukshall**
Forventa anleggsstart for veien er mars 2020. Finansiering er stort sett i havn.

Jubileumsbok

IL Trio er 75 år 27.01.2021. Fremdriften er fremdeles god, ref. forrige årsmøte.

Ferdig trykt jubileumsbok er planlagt i Q3 2020. Kvinnheringen står for lay-out og trykking.

En salgsnemd vil bli etablert i løpet av mars/april 2020.

Økonomi

IL Trio har en sunn og trygg økonomi, mye p.g.a. godt arbeid i gruppene. Viser ellers til regnskapet. Styret takker alle sponsorer og samarbeidspartnere for et godt samarbeid.

Dugnadssinnsats

Det er fremdeles glimrende dugnadssinnsats i Trio.

Aktivitet / medlemstall

Det er god aktivitet i gruppene, noe årsmeldingene fra gruppene viser.

Totalt medlemstall pr 31.12.2019:

1.142 (519 kvinner og 623 menn). En økning på 142 medlemmer fra 31.12.2018.

Styret vil takke alle medlemer, trenerer, ledere og tillitsvalgte for godt utført arbeid i 2019.

Husnes, 24.02.2020

For styret

Knut Prestnes

Leiar

Årsmelding Trio friidrett

Friidrettsgruppa har hatt eit år med god aktivitet og gode prestasjoner. Vi er ei lita gruppe, og prøver å bygge oss gradvis opp. Friidrettsgruppa brukar Trio si nettside aktivt rundt våre arrangement og har over 30 nyhetssaker gjennom året. Vi har i tillegg ei eiga Facebookside for Friidrettsgruppa, men syt også for å alltid bruke Trio si felles Facebookside til å nå ut med informasjonen vår. Det er viktig for å nå ut til flest mogleg.

Styrearbeid

Det har vore 4 styremøter gjennom året, i hovudsak tilknytta arrangementsførebuing. I tillegg nokre fellesmøter med Lions om Løveleikene. I styret har vore Are Ulseth (leiar), Årstein Eik, Raymond Bård Olsen, Trude Sundsteigen, Dagfinn Jensen, Ingunn Sæverud Jensen og Arne Ingar Myhre. Det er trong for å styrke styret noko for å etablere meir aktivitet i året som kjem.

Treningsar

Det har vore treningar for dei minste (6-10 år) gjennom heile året. Trenar Ingunn Sæverud Jensen har hatt treningar på onsdagar i utesesongen, og vinterstid på måndagar i gymsalen på Sunde. Det er trong for å få fleire med på trenarsida i denne gruppa. Hallkapasitet er også noko vi skulle hatt meir av. I tillegg har vi fått til eit opplegg for ei gruppe av 10-12-åringar. Her ha fleire bidrige med treningar på rundgang, og om lag 8 utøvarar har delteke jamnleg.

Eit fast og godt treningsopplegg for ungdom, i hovudsak kastøvingar, vart etablert i fjar og er vidareført i år. Først og fremst er Raymond Olsen trenar for sonen sin Ådne, men også 2-3 utøvarar frå Uskedal og Rosendal er med i treningsgruppa. Desse driv veldig aktivt året rundt, med minst 4-5 treningar i veka.

Med utspring i triathlongjengen er det løpstreninger søndagar og onsdagar. Vår veldig aktive Triathlongruppe er inkluderande og flinke til å, via si Facebook-side, dagleg og vekesvis annonserer ulike treningsøkter.

Friidrettsmerke er det stadig mindre interesse for, særleg blant dei yngre. Det har ikkje vore råd å få til noko særleg opplegg rundt dette og berre eit par godt vaksne utøvarar har teke merket.

Arrangement

Som vanleg har vi avholdt dei faste arrangementa våre, og vi har i tillegg hatt ein del lokale friidrettsstemner (seriestemner). Vi ser at nøkkelen til suksess er god planlegging og promotering. I stemna ser vi at Trio er godt representert, men det er tyngre å få deltaking frå naboklubbane. Frå i fjar fekk vi til å arrangere seriestemner gjennom sesongen. Totalt har vi hatt 9 slike stemner gjennom året, mot 6 i fjar.

I tillegg arrangerte vi Kvinnheradmeisterskap i friidrett i oktober 35 deltakrar er bra, men berre 3 var frå andre klubbar enn Trio.

Særleg har Triostafetten fått ein oppsving i år og i fjar. Med 48 deltagande lag og over 190 løparar i sving har 1.mai blitt reinaste festdagen i Husnes idrettspark.

Løveleikene for funksjonshemma er ein herleg dag med uforlikneleg idrettsglede, arrangert for tredje gong og med over 40 blide deltakarar. Større enn nokon gong, men framleis plass til mange fleire. Her er link til reportasje. <http://arkiv.il-trio.no/no/nyheter/5397/>

Sportslege prestasjonar

Av dei beste sportslege prestasjonane i år kan nemnast:

- Ådne Olsen (14) sine prestasjonar i kastøvingar. Særleg kjekt at han passerte 13-metersgrensa i kule på seriestemne, samt siger i Framoleikene med ny Kvinnherad-rekord i diskos (43,62 meter).
- Holmfridur Adalsteinsdottir islandsk meister med råsterke 3.04 i Reykjavik Marathon.
- NM-bronse til Gunnar Vaage i halvmarathon i Sandnes i mai.
- Sterke prestasjonar også av Terje Nes, Trude Sundsteigen, Hildegunn Håland og Gunnar Vaage i Stavanger marathon og Karmøy marathon. Terje og Trude har også, i likskap med Gunnar Holm, delteke på halvdistanse Iron man i Triathlon i året som gjekk.
- Og vi må ta med at Heine Røssland frå Gneist (med foreldre frå Trio) tok sølv i spyd og bronse på 400 meter under Special Olympics i Dubai i vår.

Utstyr

Gjennom diverse sponsorstøtte har vi kunna kjøpe inn ein del utstyr gjennom sesongen. Elles har vi eit nytt og flott stadionanlegg som er mykje brukt, også til uorganisert trening. Og når no ny garasje ved Triohuset står ferdig, har vi betre lagringsplass, mellom anna for høgde- og stav-mattene.

Bruk av anlegget

Skulane har vore flinke å bruke det flotte friidrettsanlegget vårt, både til treningar/gymtimar og til ulike arrangement. Anlegget er elles mykje brukt til ymse uorganisert trening. Ikkje minst er Trioløypa, turløypa rundt idrettsparken, veldig populær og blir nytta av fleire titals menneskjer kvar dag.

Økonomi/støtte

Dette året har vi fått mange verdifulle økonomiske tilskot. Her må særleg nemnast støtte frå Kvinnherad Energi både til utstyr og til å arrangere Løveleikene (i lag med Lions). Tysnes Sparebank har vore hovudsponsor for Triostafetten og inngår no ein årleg sponsoravtale med oss. Vi har også motteke støtte i form av stadionrekklame. Både store og mindre tilskot er vi hjartans takksame for.

Elles er det eit par år sidan friidrettsgruppa fekk eigen økonomi og ikkje lenger berre høyrer under hovudlaget sitt rekneskap. På denne tida har vi også vist at vi klarar å drive utan årlege driftstilskot frå hovudlaget.

Planar

Øvst blant måla for 2020 står:

- Lokalt dommarkurs og trenarkurs.
- Auke i treningstilbodet.
- Få bygd ei bu som kan huse det elektroniske tidtakarsystemet.
- Arrangere eit større friidrettsstemne.

For friidrettsgruppa 31.12.2019, leiar Are Ulseth

ÅRSMELDING 2019

TRIO VOLLEYBALL

Styret i IL Trio Volleyball har i 2019 bestått av følgende personer:

Leiar:	Eirik Sævareid
Nestleiar:	Robert Haugland
Sekretær:	Gro Rusten Saghaug
Kasserer:	Javier Arraya
Medlem:	Sille Tars, Einar Opdal, Frode Dale, Bjørn Erik Eliassen, Marlene Hauge Johansen

Det har vore styremøter ca. annakvar månad. Styret har koordinert den sportslege aktiviteten i gruppa, jobba med inntektsbringande tiltak og hatt til intensjon å utvikla volleyballgruppa videre. Ambisjonen er framleis å byggja opp eit tilbod til alle alderstrinn, i tillegg til at både junior- og seniorlaga skal markera seg med gode sportslege resultat i Hordaland. Samarbeidet i styret har fungert godt og det har vore avvikla møter både med trenarar, oppmenn og foreldre. Det er eit ynskje at vi kunne hatt enno fleire personar som er villige til å ta på seg større og mindre oppgåver. Mellom anna gjeld dette marknadsarbeidet då det her heilt klart ligg eit potensial utover det som gruppa utnyttar pr. i dag.

Sportsleg var sesongen 2018 - 2019 som sesongen før, ein sesong med fokus på rekrytting og breidde framfor resultat. Damelaget oppnådde tredje plass i 2.divisjon – med ein del utskiftingar i spelarstallen vurderer vi dette som ein svært god prestasjon. I dei andre laga/treningsgruppene var det fokus på langsiktig oppbygging – vi oppnådde her gode resultat. Rekrutteringa på jentesida har vore god. I oktober 2019 arrangerte Volleyballgruppa serierunde for U15-lag der lag frå Trio deltok både i jente- og guteklassen.

Trio 2.divisjon damer

Stian Petterson og Åge Vik har vært trenarar for 2.div.damer sesongen 2018-2019– same trenarteam forsetter og i sesongen 2019-2020..

Oppmann sesongen 2018-2019 var Irmelinn S. Petterson.

Det har tidvis stor variasjon på treningene pga. veldig varierende oppmøte, noko som tidvis har ført til treningar der det har vært vanskelig å spele saman eit lag. Det har vært fokus på kondisjon og styrke, noko ein er har gitt fortrinn i forhold til fleire andre lag. Laget og spelarane har utvikla seg i mange fasar av spelet, særleg i forsvarsarbeidet.

Før sesongen 2018-2019 var det ein del utskiftingar i spelarstallen. Måletjinga var å bygge opp eit nytt lag og halde plassen i divisjonen. Malin Haavik Tungevik kom raskt tilbake etter fødsel – og resultata vart gode utover i sesongen, med mellom anna seier i rankingturneringa. Trass nokre tap mot slutten av sesongen enda det med ein flott 3.plass og dermed bronsemedalje i 2.divisjon.

Før sesongen 2019-2020 forlot og nokre sentrale spelarar laget grunna studiar, mellom anna flytta Christine Skogseth Bjørsvik til Oslo (og gjer det nok bra for OSI sitt lag i 2.divisjon). Det kom imidlertid til ein del nye spelarar utover eksisterande spelarstall, og særleg i første del av sesongen var det stort oppmøte på trening. Sesongen 2019-2020 har og vært god resultatmessig – der laget nokre serierundar før slutt igjen ligger på 3.plass.

Gutter /Jenter U15

Denne treningsgruppa vart starta September 2018. Dei trener to ganger i veka i Husneshallen. Gruppa består av ca.12 spelarar og deltok i alle serieturneringane sesongen 2018-2019. Laget har hatt ei god utvikling og har vist ei fin stigning i både prestasjonar og resultat. Laget har i sesongen 2019-2020 gått opp i U17-klassen. Trenar : Javier Araya

Jenter U15

Denne treningsgruppa vert trena av Sille Tars – laget trenar i Husneshallen to ganger i veka. Laget består av ca. 10 spelarar og deltek på serierundar i U15-klassen. Laget viser god utvikling og har stort potensiale vidare framover.

Minivolleyball

Gruppa som spelar minivolleyball starta opp hausten 2018 – gruppa består av 12-15 gutter og jenter. Gruppa deltek i serieturneringar i U13-klassen og har stilt 3-4 lag i serieturneringa. Eit hovedmål med gruppa er å styrke rekrutteringa til Volleyballgruppa samstundes som at ein skal ha det kjekt og sosialt saman. Gruppa trenar i Husneshallen. Trenar er Gro Rusten Saghaug.

Husnes 26.02.2020
IL Trio Volleyball
Styret.



Årsmelding for IL TRIO symjegruppa 2019

IL TRIO symjegruppe

Symjegruppa har hatt eit år med stor aktivitet og mange gode prestasjoner. Me har i dag eit 20 tals vaksne som dagleg, året igjennom gjer ein fantastisk, stor og samvitsfull innsats for å gi våre medlemmer eit trygt og godt opplærings- og treningstilbod.

Fylgjande har vore med i styret:

Leiar:	Geir Sverre Andreassen	på val 2020
Nestleiar:	Tonje Gravdal	på val 2021
Skrivar:		på val 2021
Kasserar:	Ann Helen Collins	på val 2020
Styremedlem:	Bettina Eikesdal Blom	på val 2020
Styremedlem:	Thomas Isaac	på val 2020
Styremedlem:	Roald Vigrestad	på val 2021

Medlemstal:

Symjegruppa hadde 118 medlemmer per 31/12 2019.

Trenarar har vore: Kenneth Blom, Geir Sverre Andreassen, Roald Vigrestad, Solveig Rørvik, Ronny Nordal og Holmfridur Adalsteinsdottir.

Symjeskulen har gitt 140 born symjeopplæring i 2019.

Symjeskuleansvarleg har vore Tonje Gravdal, Intruktørar har vore: Tonje Gravdal, Mari Bjelland, Ellinor Isaac, Ann Helen Collins, Cecilie Sandal, Lilliann Hauge Johansen, Christina Hauge Johansen, Kurt Petterson, Yrgalem Zagerish Kahsay, Roald Vigrestad, Marianne Meyer Borgen, Kent Are Kjørsvik Petterson, Laila Øvstebø og Geir Sverre Andreassen.

Det er gitt tilbod om symjetrening sju dagar i veka til born, unge og vaksne, ein har i tillegg gitt treningsstilbod fridagar og heilagdagar.


Treningsgruppa med eit 20 tals ungdom mellom 8 – 16 år har hatt ein god sportsleg framgang, dei har vist stor trenings- iver og glede. Dette er premiert med nye personlege rekordar og premiar når dei har deltatt på symjestemner.



Aktivitet:

Styret har hatt fire styre møter og tre trenar- instruktør møter.

Symjegruppa har i samarbeid med Bømlo og Odda røde kors hjelpekorps hatt 1. hjelp og livredningskurs i bassenget for 25 av våre medlemmer – vaksne- og ungdom.




Symjegruppa har delteke på sju approberte symje stemner, to uapproberte symjestemner i tillegg til eige vår- og julestemne.

Haustskvetten 2019



ADO cup 2019





Frå vårstemnet 2019



Sesongavslutning før sommarferien på Feto i Handelandsdalen var også ein stor suksess, her møtte eit hundretals symjevener til kos og sosialt samvære. Det var også utdeling av diplomar og merker for avslutta kurs i symjeskulen.



Diplom og merkeutdeling på Feto 2019



Symjegruppa arrangerte begynnerinstruktørkurs i haust, 10 deltagarar fordelt med 3 frå Halsnøy svømmeklubb, 6 frå symjegruppa og 1 frå Fonna livredningsklubb. Christina Dyngeland Kjellid frå Arna symje- og livredningsklubb var instruktør.



Juleavslutninga for symjegruppa var også i år ein stor suksess, litt i overkant av 30 symjarar var med å setje ein flott og minneverdig avslutning på 2019 sesongen. Den yngste deltagaren frå symjeskulen var 6 år og deltok saman med fleire andre for fyrste gong på symjestemne. Vel 200 personar var med å setje krona på avslutninga i Kulturhuset med kakefest, loddosal og premieutdeling til alle deltarane.





Tre styremedlemmer frå symjegruppa har deltatt på [Kompetansehelga](#) som årleg vert arrangert av Norges svømme forbund. Her får klubbleiing, trenarar og instruktørar fagleg påfyll samstundes som ein knyter kontaktar/nettverk.



Symjegruppa har også i år fått halda ope basseng på Husnes i sommarferien, det gjorde at me fekk gitt eit godt treningstilbod til våre symjarar samstundes som publikum fekk nytta bassenget til offentleg bad. Det var rundt 100 besøkande dei 8 dagane som var ope for dette.

Symjegruppa vil leggja til rette for at konkurrancesymjarane får utvikla seg vidare med å oppretthalda treningstider.

Symjeskulen skal halda fram med å gje symjeopplæring til born og unge.

Takk til alle dåke som får dette til å gå rundt.

Kvar nordmann ein symjar,
Kvar symjar ein livreddar.



ÅRSRAPPORT 2019 TURN

1. GRUPPESTYRET SI SAMENSETTING

Leiar er Anneli Rønstad, nestleiar er Carina Øksnes, kasserer er Eirin Gravdal, sekretær og webansvarlig er Beate Ingvaldsen Høydal, medlemsansvarlig Kjersti Sund, ansvarlig arrangement er Ann Christin Bruvik Djuve og Kathleen Ulrich. Øvrige styremedlem Nina Thorkildsen.

2. GRUPPESTYRET SITT ARBEID

Gruppestyret har oppdatert medlemslister i Min Idrett, sikret at instruktørene har levert politiattest ihht lovforskrifter, søkt om midler som vi fikk innvilget til å kjøpe oppvisningsdrakter. Draktene er dessverre ikke kjøpt inn. Vi har kjøpt trampett for konkurranse. Vi har vært i kontakt med kommunen om halltid for eldste gruppen pga sikkerhet. Lagerkapasiteteten er fortsatt for liten, men forholdene er forbedret siden 2017. Vi leide inn to instruktører fra Bergen en helg som inspirasjon for trenere og utøvere. Arrangerte juleoppvising med i starten på desember. Vi hadde ca 240 tilskuere. Vi har også skaffet flere styremedlemmer for å unngå at instruktørene i tillegg må ha styreverv, noe som har vært belastende.

3. VURDERING AV AKTIVITET I FORHOLD TIL MÅL

Behalde våre trenerar:

- Redusere arbeidsmengden på trenerne: Dugnadsliste med to foreldre pr gang som hjelper inn/ut med utstyr. 5 barn pr voksen trener på partiene opp til 11 år + hjelpetrenere. Trenerne får utdelt oppmøteliste ved starten på nytt semester. Styret tar imot alle påmeldinger.
- Forenkle treningsplanlegging: Trenerne har tilgang på øvelsesbank (Gymkort) med progressjon på øvelser for å forenkle planlegging av trening.
- Auke kompetansen: Tilbyr trenerkurs når dette blir arrangert i kretsen.
- Ekstra trening mandager for våre unge hjelpeinstruktører som takk for innsatsen i klubben.

Forebygge at utøverer fra 12-13 års alderen faller fra:

- Sosialt fellesskap: Ekstra trening mandager for våre unge instruktører for å skape eit sosialt fellesskap. Vi legg til rette for og prøver å motivera ungdommane til å reise seg på treningssamlingar for å skape eit sosialt fellesskap. og skape klubbfølelse, delta i konkurranser med andre turnere og at de opplever utvikling som utøvere.
- Inkludering: Nokon ungdommar ønsker å trenere for dei synest at turn er gøy, andre for at dei har lyst til å utvekle seg og bli betre i turn. Vi prøver å gi eit godt treningstilbod til dei alle. Vi oppfordrer dirfor alle som har lyst til å delta på treningssamlingar for å treffen andre ungdommer som driv med turn, trenere i idrettshaller med anna utstyr enn det vi har tilgong på i TRIO, få variasjon i øvingar, få rettleiing av dyktige instruktørar og bli inspirert av andre flinke gymnaster.

Auke antal gutar i turn:

- I haust fekk alle gutar som meldte seg på turn, tilbod om plass på våre grupper.
- Flerie mannlege trenarar: Vi fekk to nye mannlege trenare i haust.

Medlemstall for 2019 pr.31.12

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	17	82	16	0	20	136
Menn	16	20	5	3	3	45
Totalt	33	102	21	1	23	180

Medlemsutvikling siden 2017

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvinner	125	162	136			
Menn	50 (29 %)	56 (26 %)	45 (25%)			
Totalt	175	218	180			

Sammenlignet med 2018 har medlemsmassen i turngruppen sunket med 37 medlemmer, 11 gutter og 26 jenter. Andelen gutter har sunket med 1 % siden 2018. Vi har treningsstilbod til born og unge i alderen 4-16 år. I 2019 har vi ikkje hatt tilbod til 3-åringar pga at vi ikkje har trenarar.

4. EIGNE ARRANGEMENT i 2019

4.3 Våroppvisning tumbling 24.april

Det ble ein flott og variert framsyning der partiene fekk presentert for publikum kva dei to partia har øvd på i vår.

4.4 Juleframsyning 8.desember i Husneshallen

Det ble ein fin avslutning på haustsesongen. Det var fullt hus med om lag 240 tilskuarar. Alle partia fekk vist familie og kjente kva dei har øvd på det siste halve året. I år leigde vi Husnes Nattcafe Lyd og Lys for å forbetra publikumsopplevelinga. Avslutningsvis ble den tradisjonelle godteposen. Alle instruktørene som har vært tilknyttet TRIO turn i 2018 fekk gåvekort 350 kr på Sport1 som takk for hjelpa. Instruktørane Mats, Carina og Erlend fekk i tillegg eit gåvekort på 1000kr hos Sport1 som takk for hjelpa.

5. ARRANGEMENT/STEVNER SOM VÅRE MEDLEMMER HAR FÅTT TILBOD OM Å DELTA PÅ I 2019

5.1 Sommerleir for troppegymnastikk 25.-29.06 i Sotrahallen

Leiren var i regi av Sotra Sportsklubb Turn & Dans. Frå TRIO deltok 3 utøvere. Deltakerne var: Amanda Støle, Anna Hjelmeland Naterstad og Mariell Bruntveit. Dei var særsla nøgd med opplegget og dei lærte mykje på desse dagane.

5.2 TurnCamp i sommerferien

Leiren var i regi av IL GNEIST. Det var dessverre ingen fra IL TRIO som deltok.

5.3 Inspirasjonshelg for instruktører Stord 31.08-01.09

Eit satsingsområde er å auke kompetansen for våre trenere. Det var 6 av våre instruktører som var med i år. Deltakerne var: Atle Haugland, Gunnhild Haugland, Miriam Hartveit, Randi Elisabeth Bjelland Røssland, Stine Kaldestad Øvstebø og Anneli Rønstad.

5.4 TurnCamp i haustrferien 7.-11.10.

Leiren var i regi av IL GNEIST. Det var dessverre ingen fra IL TRIO som deltok.

5.5 TeamGym-samling i troppsgymnastikk 05.-06. 10 i Sandslihallen

Troppsutvalget har gleden av å invitere til treningsamling i Sandslihallen. Det var 4 av våre medlemmer som deltok. Deltakerne var: Ragnhild Hauge, Amanda Støle, Emilie Vimme Olsen og Leah Rønstad Mo.

6.0 TRENERKOMPETANSE

Eit satsingsområde er å kontinuerlig drive videreutdanning av våre trenere. I 2019 deltok 2 trener på sikringskurs 1 trampett.

Vi har engasjert fleire nye og unge hjelpeinstruktører og jobber målrettet mot at disse unge tilbys utdanning og oppfølging slik at de kan bli våre nye hovedinstruktører om noen år. Fleire av hjelptrenerne fyller 16 år i 2020 og vil dirfor få tilbod om å ta Sikringskurs 1 trampett.

Kompetanse	Antal	Namn
Leder 1 Idrett og ledelse	1	Erlend Abelsen
Trener 1 Troppsgymnastikk-trampett (sikringskurs 1)	8	Erlend Abelsen, Anneli Rønstad, Cecilie Bjørke, Heidi Vimme, Miriam Hartveit, Geir Arne Seglem, Carina Øksnes, Adrian Tharaldsen Smith
Trener 2 Troppsgymnastikk-trampett (sikringskurs 2)	1	Erlend Abelsen

Forbundsdommer Turn Menn	1	Mats Jakobsen
Trener 1 barn Idrettens Grunnstige 1	1	Anneli Rønstad
Trygg Idrett	2	Carina Øksnes, Miriam Hartveit, Anneli Rønstad
Idekurs 1 tumbling	2	Cecilie Bjørke, Anneli Rønstad
Hjelptrenerkurs	5	Jenny Hellevik Lie, Ragnhild Hauge, Gunnhild Haugland, Helena Kjerpeseth Saghaug
Kroppsøvingslærer	3	Erlend Abelsen, Carain Øksnes, Heidi Vimme

8.0 AKTIVITETSPLAN 2020

Når	Kva	Kven
Januar	VGTK Treningssamling	11-12 år
Februar	VGTK Teamsamling	13 år +
Vår	Sikringskurs Trampett 1 + 2	16 år
Mai	Parkour 02.-03	12 år +
Juni	Gymfest i Vest barn	10-12 år
Juni	Gymfest i Vest Ungdom	13 år +
Juni		
September	Inspirasjonshelg Stord	Trenere
Oktober	IL GNEIST TurnCamp i haustferien	6-16 år

9.0 OPPSUMMERING:

Ei av hovedutfordring til turngruppen er å rekruttere hovedtrenere til alle parti. Vi har mange hjelpetrenare, men det er få som ønsker å ta på seg ansvar som hovedtrenar.

Ei anna utfordring er utstyrlageret er lite og vi har mye tungt utstyr som skal plasseres på høye hyller. Dette er noe som sliter på instruktørene. I tillegg kan vi ikke kjøpe nytt utstyr pga sprengt lagerkapasitet. Vi har heller ikke tilfredsstillende treningsfasiliteter og ønsker fortsatt treningstidar i Idrettshallen. Fordi vi treng utstyr til alle parti, må alle partia våre flyttes til Idrettshallen. Ellers må vi ha dobbelt opp med utstyr, noe som blir svært dyrt for klubben.

Vi har innført maks antall deltagere på partiene. Derfor har vi venteliste på flere av partiene våre. Utfordringene fremover blir å opprettholde kvaliteten på partiene, videreutvikle disse, og møte nye trender og behov bland barn og ungdom, og beholde og skaffe nye instruktører.

IL Trio Turn starta i haust med kjønnsvotering på 50/50 fra og med Gymleik-partiene for å øke andelen gutter. Per dags dato utgjør guttene kun 26% av medlemstallet. Dersom ikke nok gutar seg på innen en viss tid, vil disse plassene bli fylt opp av dem som eventuelt står på venteliste. Et annet tiltak er å flytte gutter opp på parti der det er gutter.

Turngruppen bruker KlubAdmin aktivt og er fornøyd med dette systemet. Det har vært lagt ned veldig mange timer av medlemsansvarlig i forbindelse med vedlikehold av medlemsdatabasen. Vi ønsker å utvide bruken av KlubAdmin til registrering av politiatester, påmelding og betaling av aktivitetsdager og samlinger for å lette arbeidet for trenerne.

Stord 24.02.2020

Anneli Rønstad

Leiar IL TRIO turn



Årsmøte i IL Trio Fotball

Triohuset 19. Februar 2020

Saksliste

1. Konstituering
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Val

Årsmelding fotballgruppa 2020

Styret:

Kjell M Eide	Leiar
Roger Røssland	Nest og seniorleiar
Maria Santiago	Sekretær
Trond Thorsen	Ungdomsleiar
Ann Helen Høivik Skogseth	Økonomi ansvarlig
Geir Atle Vangsnæs	Anleggs ansvarlig
Kjetil Dale	Barn
Erna Mikkelsen	Jente/dame

Andre sentrale personer utover styret:

Per Einar Gjerding	Kvalitetsklubb
Bjarte Solheim	Trenarvegleiar
Jan Olav Madsgård	Utstyrs ansvarlig
Håvard Skogseth	Buss
Are Ulseth	Klubb dommer, Husnes Cup, osv.
Anita Åkre	Kiosk innkl Husnes Cup
Hanne Larsen	Sponsor +Husnes Cup.
Tor Arne Sunde	Vedlikehald Kvednabekkjen, buss og div.

Valkomite:

Valkomite IL Trio

Styrets årsmelding

Administrativt ved Kjell Magnar Eide

Det har vore eit stort og viktig år for fotballgruppa med godkjenninga som Kvalitetsklubb som det store høgdepunktet. Dette er eit stort og viktig løft for fotball gruppa. Det er eit stort arbeid som ligg bak og det er i hovedsak utført av Per Einar Gjerding.

Styret har bestått av 8 medlemmer det er bør vere nok, men vi har lidd under sjukdom og permisjoner på sentrale medlemmer. Det fører til meir arbeid på oss andre. Heldigvis har vi fått hjelp av bla Are Ulseth. Men oppfølging av lagene har ikkje blitt slik vi har ønska sjølv om vi har hatt Bjarte Solheim som trener veileder i år. Erna er ny i styret og har jobba spesielt med rekruttering og oppfølging jentelagene. Gjennom sesongen har ho gjennomført fleire rekruterings tiltak og dette har gitt resultater. Veksten i antall jenter i klubben er veldig god. Men vi har ikkje fått i gang utval under styret slik at det er veldig mykje oppgaver som styret skal utføre. Slik at sjølve jobben i styret er veldig operativ. Frå april til ut oktober er det kun fokus på gjennomføring av dei ulike kampane og arrangementa. Spesielt sidan fleste parten av styremedlemmene og er engasjert som trenrarar osv. på lag i tillegg.

Me har gjennomført del 1 og 2 av grasrot trener kurs og 1 lederkurs. I tillegg har me hatt 2 impulssamlinger med FK Haugesund. Dette har gitt oss eit godt og viktig løft både sportslig og administrativt. Og gjer at vi tilfredstiller krav til kompetanse i Kvalitetsklubb både på trener sida og i styret.

Me har ikkje fått skifta dekket på Kvednabekkjen på grunn av uklare/usikre retningslinjer for innfall og kva miljø krav som vert stilt til dette. Me har vore og undersøkt både baner utan innfall og andre alternativ, men så lenge NFF ikkje anbefaler dette så har vi ikkje komen vidare med saken. Me har og eit veldig kort «vindu» for utskifting.

Ny bane er vi heller ikkje komen vidare med sidan kommunen ikkje vil frigi arealet enno pga usikkerhet knytta til ny idrettshall og parkeringsproblem ved skulane og idrettsanlegga.

Arrangement ved Kjell Magnar Eide

Me har ein fast arrangement plan for året. Det starter med 4 innandørscuper i byrjinga av året frå 16 år og ned til 6 år. Vårlotteriet står Are og Einar Herskedal i bresjen for. Fotball skule arrangerer vi rett etter skuleferien begynner. Husnes Cup vart for første gong dei siste åra ikkje nok deltaker rekord. Dette skyldes nok at me ikkje har tilbydd 9er fotball for 12 åringer. 9er fotball er etablert speleform for 12 åringer. Og forskjellen på 9er og 7er fotball er stor så dette er nok hovedårsaken. I tillegg så var påmeldinga på jente sida mindre enn dei sister åra. Dette skyldes nok litt meir tilfeldige svingninger. Vi har innført 9er fotball for 12 åringane, men det gjer at kapasiteten for antall lag vert redusert. Men for å gi eit godt sportslig tilbud har me allikevel valgt å innføre det. Det velfungerande arrangør korpset med Are, Hanne, Anita, Geir Atle, Oddmuns ja det er nesten litt skummelt å nevne nokon for det er veldig mange som bidrar på ein framifrå måte. Desse gjer at å delta på denne cupen er blitt ein viktig begivenhet for både deltagere, klubben og kommunen. Tusen takk til alle som bidreg. I 2020 er det 20ande gong cupen vert arrangert. Og det har bidratt med ca 5 mill til klubb drifta. Elles vart sesongen avslutta med nok ein vellykka fotballfest på Triohuset med over 70 deltagere. Med god mat og god musikk vart dette ein kjekk avslutning av sesongen. Romjulscupen vart som vanleg gjennomført 2 og 3 juledag. Med både dame og herrelag. Me hadde håpt og trudd på fleire lag spesielt på damesida sidan vi har fått eit slikt løft her.

Senior avdeling

Herre lag årsrapport 2019 ved Roger Røssland

Sesongen startet på ein fin måte med masse folk på trening i januar, februar og mars. Då var det i snitt 17 mann på trening og kvaliteten på øktene var gode. Vi hadde fine resultater og prestasjoner i treningskampene våre med bla. 2-2 borte mot Os der vi var klart best og 6-0 borte mot Norheimsund.

Når vi nærmet oss seriestart såg vi konturene av at det kunne bli ein utfordrende sesong. Med mindre folk på trening, eit snitt på 12 resten av sesongen holder ikkje i lengden. Mange prioriterte fotball i andre rekke i 2019 det gav oss også eit fortjent nedrykk som resultat. Vi sto heller ikkje godt nok sammen i motgangen i år og det må vi ta lærdom av.

Spillerstallen bestod av:

Keepere:

Eirik Eikeland, Mats Blokhus Ekeland, Vebjørn Røssland

Utespillere:

Oliver Lygresten, Henning Solheim, Åsmund Voster, Kjetil Eide, Martin Lygre, Vebjørn Holmedal, Eivind Tufta Saghaug, Marius Myklebust, Lars B Heggøy, George Onasaka, Marcus Såtendal, Erik V Solberg, Ruben Saug, Mads Jørgensen, Mats Mo, Espen T Saghaug, Andreas Thorkildsen, Andreas Rørvik, Sondre Myklebust, Nikolai Mayer, Martin Veastad, Håvard Haga, Allkan Abdulla, Sander Lillesletten, Vegard Johnsen, Henrik Røssland, Saimon Tewelde, Trond Helgesen og Anders Bjørnebøle

Trenere var :

Aleksander Ekeland, Kristinn Atlason og Jim Are Hansen

Toppskorer:

Eivind Tufta Saghaug 6mål

Mest kamper

Eivind T Saghaug og Marius Myklebust 21 kamper

Mest treningsvillige

Eivind T Saghaug

Damelag årsrapport 2019 ved Erna Mikkelsen

For første gong på 12 år (2007-sesongen) har Trio fotball hatt damelag! Erna Mikkelsen og Kristine Enæs Medhaug var primus motor med oppstart av treningar hausten 2018 og Ragnvald Vaage har vore trenar gjennom heile 2019-sesongen. I tillegg har Are Ulseth vore med frå april, og Kjell Inge Hansen kom inn og styrka trenarteamet frå juni. Utanom dette har også Jan Olav Madsgård og Arnt Mikkelsen bidrige innimellom på trenarsida.

Det har vore to faste treningar i veka og i ein skilde periodar ei ekstra trening. Totalt antal treningar har vi diverre ikkje oversyn over, men Aria Haugsdal er den med best treningsframmøte. Mange spelarar har vore aktive. Særleg på vårparten var spelarstallen veldig stor og frammoete på trening var ofte godt over 20 spelarar. Til første heimekampen var heile 22 spelarar med på lagbiletet (og enda mangla 2-3 stk). Til tider har det vore ei utfordring at ikkje alle har fått nok speletid.

På haustparten består spelarstallen av 18 spelarar, derav 2 som studerer vekke.

Som alltid er det ein del som flyttar vekk på skule før haustsesongen, så antal spelarar på trening i haustsesongen har vore betydeleg mindre enn i vår. 16-årsjentene, der dei fleste hadde relativt lite fotballerfaring på baken frå før, fekk sitt tilbod på damelaget denne sesongen, etter klubben si avgjerd. Det har vore ein tøff overgang for fleire av desse, og det har vore betydeleg fråfall blant 16-åringane gjennom sesongen. Men ei av dei, Emma Heggøy, er den spelaren med flest kampar (17).

I haustsesongen har det også vore tyngre å få med nok spelarar til bortekamper. Men likevel har ein forutan ved eitt høve der ein reiste med 12 spelarar, alltid vore minst 14. Sjølv om ein har mangla ein del sentrale spelarar til bortekamper, har prestasjonane vore gode i dei fleste kampane.

Totalt hamna vi midt på tabellen med 26 poeng på 20 kampar. 9 poeng på vårparten og 17 på hausten viser ok framgang, og sesongen vart avslutta med ein sterk bortesiger mot serievinnar Stord, som til då var ubesigra. Vi har 7 sigrar og 5 uavgjorte, og vi har vore blant laga som har sluppe inn færrast mål i serien. Det vitnar om at vi er relativt solide defensivt, medan 22 scora mål viser at vi har hatt meir å gå på i angrepsspelet. Aria Haugsdal vart toppscorar med 9 mål, neste på lista hadde berre 3 scoringar. Det seier sitt. Vi har jobba med å utvikle angrepsspel og bli meir samspelt gjennom sesongen, men generelt har saknet etter ein bakromsspiss vore merkbart.

Totalt har ein brukt 37 spelarar i kamp. 7 av desse har vore frå J15, og 8 andre har vore innom i 1-2 kampar. Vonleg vil det vera råd å etablere eit permanent damelag i åra som kjem. Med jentelag på alle årstrinna i ungdomsfotballen, er etterveksten god. Med tanke på neste sesong bør ein vurdere å inkludere årets gode J15-lag i damelaget. Eit par av dei har allereie vore ganske hyppig med i år.

Statistikk:

Toppscorar:

9 mål	Aria Haugsdal
3 mål	Kristine Enæs Medhaug
2 mål	Christine Solheim Fjelland
2 mål	Ida Lygre
2 mål	Sofia Televik
1 mål	Emma Heggøy
1 mål	Christine Madsgård
1 mål	Mariel Madsgård
1 mål	Julie Soma Ersland

Totalt 22 mål på 19 kampar. I tillegg tilkjent «3-0» mot Sund/Skogsvåg, som ikkje møtte.

Årsrapport Trio/Halsnøy/Rosendal G19-1 ved Roger Røssland

Også denne sesongen var juniorlaget eit samarbeidslag mellom klubbane Trio, Rosendal og Halsnøy. Laget vart påmeld i Rogaland under namnet Trio/Rosendal/Halsnøy 1 og spela i 1.div avd. 02. Frode Blom og Christian Halvorsen fylgde laget gjennom heile sesongen, medan Håvard Haga og Tony Berge Fondevik takka for seg etter vårsesongen. Tony flytta på grunn av arbeid og Håvard hadde ynskje om å prioritera familie samt spel for A-laget. Geir Dolonen Martinusen har fungert som oppmann/lagleiar. Trenarane melder om eit godt samarbeid mellom klubbande og god deltaking frå alle hald. Sjølv om majoriteten av spelarane var heimehøyrande i Trio, er det positivt å sjå god oppslutnad frå dei andre klubbane. Laget hamna midt på tabellen med 18 poeng på 14 spelte kampar. Det er rapportert om godt samhald i gruppa med fokus på gode relasjonar og eit fokus på å ha det gøy med fotball. Det har vore utfordrande å få gjennomført nok treningar med tilstrekkeleg oppmøte av ulike årsaker, og det er eit forbetringsområde. Men alt i alt ein vel gjennomført sesong for samarbeidslaget.

Sjå elles vedlagte adelskalender dame og herre

Barne- og Ungdomsavdelinga ved Kjell Magnar Eide

Me har hatt 23 treningsgrupper i barne og ungdomsavdelingen og mange fleire lag. Mange gode resultat men det mest positive er veksten i antall jenter.

Både J15 og G15 har spelt i 1 divisjon Rogaland og gjort det svært godt der. J15 vart sågar vinnar av 1 divisjon Rogaland nord etter haust sesongen.

J14 og G14 har hatt ein mellom sesong med enkelte gode resultat.

G13 har me hatt 3 lag og gode resultat. Me er veldig fornøgd med at vi har klart å få eit J13 lag til å fungere og gjennomføre sesongen med mykje nye spelarar.

I barne avd aukar det jamt og trutt med nye lag. Rekruteringdagen og jente tiltaka våre har gitt oss mange nye spelarar. Dette strukturerte arbeidet med rekrutering gjer oss veldig godt grunnlag for vidare vekst. Vi har tru på at ein god start gjer oss mange fordeler seinare. Og dersom me begynner tidleg å implementerer «The Trio way» så gir det oss bedre rekruetting, fleire og bedre spelarar og bedre drift av lagene. Laga mellom 10 til 12 år deltar i seriespel sett opp av kretsen. Dei under 10 år deltar på ulike cuper eller rettare sagt kampsøndager rundt om i kommunen i alt 6 stk. Rosendal, Uskedal, Herøysund, Trio og Halsnøy arrangerer desse til stelningane.

Til slutt vil me retta ei stor takk til alle trenarar og lagleiarar i klubben. De gjer ein fantastisk og ikkje minst viktig jobb for at me skal få dette til å gå rundt. Tusen takk.

Dommere ved Are Ulseth

Med det talet på lag Trio hadde i ungdomsavdelinga og senior, er det frå kretsen si side krav om 4 aktive dommarar. I 2019-sesongen hadde vi berre ein tilstrekkeleg aktiv dommar, Ruben Rogne. I tillegg har Miomir Milenovic dømt ei handfull kampar, men ikkje nok til å fylle krava til HFK. Ergo vert det gebyr for mangel på nok dommarar. Generelt er det ei utfordring å finne kandidatar til å ta dommarkurs, og å få dei til å halde fram, samt å gje interesserte dommartalent nok oppfølgjing, både lokalt og frå kretsen si side. Vi har pr utgangen av 2019 ingen aktive rekrutteringsdommarar, men vinteren 2020 har det blitt arrangert eit kurs, der det var 4 deltagarar frå Trio. Vonleg får desse praktisert ein god del i 13-14-årsklassane lokalt i sesongen som kjem.

Når det gjeld klubbdommarar til barnefotballen, så arrangerer vi årleg eit kurs på Triohuset, som er ope for alle klubbanne i Kvinnherad. Lagleiarane vert oppmoda om å flagge det som obligatorisk for alle 13-14-åringar i klubben, og deltakinga er god. I fjor vår var det 41 deltagarar, dei aller fleste frå Trio. Så også tilgongen på klubbdommarar. I tillegg har Oddvar Eikenes også køyrd eit utvida klubbdommarkurs, for at vel ei handfull skulle vera skulert til å dømme 9arfotball i 12-årsklassen, der det mellom anna praktiserast offside.

Sportsleg har vi utelukkande gode erfaringar med dommarane våre. Inkludert på Rema 1000 Husnes Cup, der lagleiarane skryter veldig. Det får Oddvar ta til seg for framifrå kursing og opplæring, og det blir vidarebringa til dommarane. Dei er gode ambassadørar for klubben, både internt og utad.

Administrativt har det fungert bra for dei fleste. Are har fordelt klubbdommarane slik at flest mogleg har fått prøve seg som dommarar, sjølv om vi hadde mange på kurs. Vi ser at interessa blant klubbdommarane ofte dabbar i 15-16-årsalderen, så det er viktig med rekruttering av dei yngre og få desse tidlegast mogleg i aksjon.



Trio Fotball 2020

Vi vart godkjent som Kvalitetsklubb i Juni offisielt fekk me utmerkinga i spetember. Dette er ei utruleg viktig steg for klubben. Me har stor tru på at dette arbeidet med å samle rutiner og «prosedyrer» i ei klubbhåndbok vil hjelpe klubben i framtida. Og det var og utgangspunktet når me gjekk igong med dette. Å bli sertifisert som Kvalitetsklubb er selvfølgelig viktig men resultatet av arbeidet er vel så viktig.

Eit anna viktig mål har vore å auka aktiviteten på jentesida monaleg. Og det har vi gjort. Og vi er stolte av at vi stilte med damelag for første gong sidan 2007!!

Vi skal skifte dekke på Kvednabekkjen og ny bane på grusen. I tillegg ynskjer vi å bygge eit bygg mellom desse banane.

Økonomi ved Ann Helen

Val 2020

Verv	Namn	2020
Leiar :	Kjell Magnar Eide	På val
Nest og seniorleiar:	Roger Røssland	Ynskjer å gå av
Ungdomsleiar:	Trond Thorsen	På val
Sekretær:	Maria Santiago	Ikkje på val
Kasserar:	Ann Helen Skogseth	Ikkje på val.
Barnefotball	Kjetil Dale	På val.
Medlem:	Geir Atle Vangsnes	På val.
Medlem	Erna Mikkelsen	På val.